



Etnedal kommune

Saksframlegg

Mappe: 24/1184
ArkivID: K2-K44
Saksbehandler: Kari-Elin Solberg
Saglien

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
57/24	Formannskapet	07.11.2024
137/24	Kommunestyret	21.11.2024

Revisjon av lokal forskrift om hundehold

Vedlegg:

02.10.2024 UTKAST Forskrift om hundehold, Etnedal kommune, Innlandet

Bakgrunn for saken

Gjeldende forskrift om hundehald i Etnedal kommune vart vedteken i 2007 og delar av denne har behov for revidering.

I 2023 kom ny lov om forsvarleg hundehald og den lokale forskrifta bør med fordel oppdaterast for å vere i tråd med denne.

Forslag til vedtak

Etnedal kommune vedtek å sende utkastet til ny lokal forskrift om hundehald ut på høyring til berørte myndigheiter, lag og organisasjonar.

Høyringsfristen skal settast til 6 veker etter at høyringsbrevet er publisert.

Formannskapet 07.11.2024:

Behandling:

ENSTEMMIG

FS- 57/24 Vedtak:

Etnedal kommune vedtek å sende utkastet til ny lokal forskrift om hundehald ut på høyring til berørte myndigheiter, lag og organisasjonar.

Høyringsfristen skal settast til 6 veker etter at høyringsbrevet er publisert.

Kommunestyret 21.11.2024:

Behandling:

ENSTEMMIG

KS- 137/24 Vedtak:

Etnedal kommune vedtek å sende utkastet til ny lokal forskrift om hundehald ut på høyring til berørte myndigheiter, lag og organisasjonar.

Høyringsfristen skal settast til 6 veker etter at høyringsbrevet er publisert.

Saksopplysninger

Etnedal kommune har sidan 2007 hatt lokal forskrift om hundehald med bakgrunn i [hundeloven](#).

Hundelova §§ 6, 11 og 12 gir kommunene ein omfattande og klart definert myndigheit til å vedta lokale forskrifter. Hundelova § 9, bokstav e) gir kommunene tilgang til å dispensere frå bandtvangsreglar under gjevne føresetnadar.

Endringar som er vesentlege i forslaget til ny forskrift om hundehald er mellom anna:

- hundar skal haldast i band eller forsvarleg sikra i alle preparerte skiløype i samband med vinterferien veke 8 og 9 og heile påska frå laurdag før palmesundag til og med 2. påskedag.
- det er ikkje tillate å ha hund med vedvarande støyande atferd utendørs.

Det er gjort andre mindre endringar for å gjere forskriftsteksten meir tydeleg og lett forståeleg.

Vurdering

Revisjonen av lokal forskrift om hundehald for Etnedal kommune er gjort med bakgrunn i behov for å oppdatere forskriftsteksten slik at den er i tråd med ny hundelov. Samtidig var det behov for å omformulere delar av forskriftsteksten slik at den er lettare å forstå ved praktisk bruk.

Nordre Land kommune har nyleg revidert si forskrift, og Etnedal kommune si forskrift er også oppdatert til å vere samsvarande med denne.

Behovet for å regulere hundehald i preparerte skiløyper har meldt seg tydelegare dei siste åra med bakgrunn i konflikter i samband med ferdsel i desse.